Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: 43 Ting til lege dam og vern mot sjukdam.

Oppskr. av: Ragnhild Lillestad

(adresse): Fossveien 5 III Oslo.

Fylke: Dalsfjord.

Herad: Volda

Bygdelag: Lillestad

Gard: Lillestad.

G.nr. X160. Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigi røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Ringer.

1) Folk bruka å bere ring før gjift. Ei gamal kona veit eg brukte ein. og det var ofte prat um slike ringa. Derfor var det giftring ein kalte den.

2) a. Desse ringar var glatte sam gifteringar. b. Ringarne var helst av kopar og tin. d. Trur ikkje at det var rissa noko i desse ringar.

Dei unge gutar kunne ofte ha moro av slike ringar. Litt sam det var høgde me, at no var den forlova og den forlova. Ja, det vart spending i bygda ei stund. Men når det kom til ugreklaring, so var det bere ein giftring og spending a sleet.

3. a. Det var sam det var lett å få tak i slike ringer for dei sam brukte dei. Truleg var dei kjøpt og lånt ut til sine folk og bytte etter slik sam det trengdes. Prisen på desse var visst ikkje stor.

11924

2

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4. For 30-40 år sidan var det averteret um elektriske belte i avisene. Eg hugsa berre at elektrisiteten strålte rundt. Det var vel eit slags fabrikk arbeid.

5. Desse elektriske belta skulde ein bere rundt livet.

6.7.8.

E. Øyreringer.

14. Det var ikkje ofte ein såg menn bruke øyreringar. Det er ikkje mange år sidan eg såg ein som brukte dei enndå. Men dei er vel helst utdøyd dei eldre som brukte dei no.

15 a. Øyreringane var ringar utan stein. b). Metallet som dei var laga av såg ut som gull.

c) Øyreringer vart fest gjenom eit hol i øyreflippen.

16. Ringane vart brukt i begge øyrer.

17. Øyreringar vart brukt, for menn mot gikt.

19. Det var berre menn som brukte øyreringar mot gikt. Kvinnfolka brukte øyreringar for utsjånaden.

20. a. Råv vart brukt til halskjede, men ikkje for sjukdomar som eg veit. Ustekastanjer vert brukt lause i lomma mot gikt.

21-22. Deserre er det lite eg veit um desse ting.

11924